



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Krav til innhald i dokumentasjon

for individuell behandling i inntak til vidaregåande opplæring

**Gjeld for elev som vil søke om individuell behandling fordi det ligg føre tungtvegande årsaker til å få opplæring på ein skole nær nødvendig behandling/ nær bustad.
Jf. § 4-20, 3. ledd i opplæringsforskrifta**

Dokumentasjonen skal brukast til vurdering av kva rettar eleven har ved inntak til vgo

Behandlar må beskrive/gje ei vurdering av eleven sin funksjonsevne i kvardagen. Konkretiser nærare kva som er dei medisinske utfordringane og kvifor det er eit særleg behov for skoleplass i nærleiken av heimen/ behandlinga. Det må komme fram at dette er eit behov som gjeld det kommande skoleåret. Dokumentasjon frå behandlar må innehalde dato, vere stempla og underskrevet av behandlar.

Barneverntenesta må dokumentere plassering i fosterheim eller institusjon i perioden for det kommande skoleåret.

Flyktingtenesta må dokumentere at ungdommen er einsleg mindreårig asylsøkar busett i mottak/bufellesskap og skal ha oppfølging kommande skoleår.

Generelt må dokumentasjonen vere så konkret at det kjem tydeleg fram kva for behov eleven har, og at det ligg føre tungtvegande årsaker til individuell behandling i inntak til vgo.

Dokumentasjon frå behandlar, barnevern eller flyktingtenesta skal som hovudregel ikkje vere eldre enn 3 månader og må beskrive eleven sin situasjon fram i tid, slik at det gjeld det påfølgjande skoleåret.

Har du spørsmål til krav om dokumentasjon kan du ta kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune, seksjon inntak på telefon 71280150 eller e-post inntak@mrfylke.no